



Arkivsaknr: 2025/9502-2
Sakshandsamar: Christian Fredrik Fotland
Avdeling: Kommunedirektør

SAKSFRAMLEGG

Alver i endring og omstilling - fase 3

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Eldreråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
51/25	Ungdomsråd	19.09.2025
	Utval for levekår	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka leggst fram til drøfting og vidare prosess fram mot kommunestyremøte 23. oktober

Politisk handsaming

Saka vert oversendt til uttale i Ungdomsråd, Eldreråd og Menneske med nedsett funksjonsevne 19. september og 13. oktober, til levekår 14. oktober, formannskap 15. oktober, og deretter fremja for endeleg vedtak i kommunestyret 23. oktober. Saka skal også til drøfting med arbeidstakarorganisasjonane 29. september.

Følgjande framlegg til vedtak vil følgje saka fram til 23. oktober:

Kommunestyret vedtek «Alver kommune i endring og omstilling fase 2» med samla tiltak for kr. 131 120 000 fordelt pr sektor pr år lik tabellane under:

Kommunedirektør:

Mulige kuttområder til økonomiplan 2026 - 2029			Årsvirkning 2026	Årsvirkning 2027	Årsvirkning 2028	Årsvirkning 2029
Kommune- direktør	1.1	Årleg utbytte i økonomiplanen tomteselskapet	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
	1.2	Finansiering Region Nordhordland IKS	1 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
	1.3	Meir effektiv bruk av kontortokale	0	2 000 000	6 000 000	6 000 000
	1.4	Innføre 1 promille eiendomsskatt (fryse og avvike innen 4 år)	0	25 000 000	30 000 000	30 000 000
	Sum Kommunedirektør		4 000 000	32 000 000	41 000 000	41 000 000

På tvers av sektorane:

Mulige kuttområder til økonomiplan 2026 - 2029			Årsvirkning 2026	Årsvirkning 2027	Årsvirkning 2028	Årsvirkning 2029
På tvers av sektorane	2.1	Ta i bruk kunstig intelligens	0	5 000 000	7 000 000	7 000 000
	2.2	Reduksjon på 10 % sykefravær	2 500 000	2 500 000	3 500 000	3 500 000
	2.3	Redusert vikarbruk	9 000 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000
	Sum på tvers av sektorane		11 500 000	16 500 000	19 500 000	19 500 000

Helse og omsorg:

Mulige kuttområder til økonomiplan 2026 - 2029			Årsvirkning 2026	Årsvirkning 2027	Årsvirkning 2028	Årsvirkning 2029
Helse og omsorg	3.1	Reduksjon 2 årsverk psykisk helse og rus	1 300 000	1 300 000	1 300 000	1 300 000
	3.2	Reduksjon 2 årsverk forvaltning og stab Helse	750 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
	3.3	Flyktingetenesta tilpassing til tilskot m.m.	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
	3.4	Likebehandling av omsorgsstønad	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
	3.5	Jobbsjansen tilskudd frå IMDI	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Sum Helse og omsorg			6 550 000	7 300 000	7 300 000	7 300 000

Oppvekst:

Mulige kuttområder til økonomiplan 2026 - 2029			Årsvirkning 2026	Årsvirkning 2027	Årsvirkning 2028	Årsvirkning 2029
Oppvekst	4.1	Redusere 2,5 årsverk skule	950 000	2 250 000	2 250 000	2 250 000
	4.2	Driftsmidlar skule - gjennomført strukturtiltak 2025	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
	4.3	Avslutte avtale med Guttas campus	250 000	250 000	250 000	250 000
	4.4	Justere ramme til symjeopplæring	250 000	250 000	250 000	250 000
	4.5	Styringsressurs bemanning barnehagane	1 250 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
	4.6	Redusere 1 årsverk PPT	900 000	900 000	900 000	900 000
	4.7	Redusere 1 årsverk barnevern	950 000	950 000	950 000	950 000
	4.8	Redusere 1 årsverk helsestasjon- og jordmortenesta	900 000	900 000	900 000	900 000
	4.9	Fjerne styringsressurs bemanning SFO	3 400 000	6 500 000	6 500 000	6 500 000
	4.10	Redusere årsverk DUÅ-rettleiar barnehage	360 000	360 000	360 000	360 000
	4.11	Avslutte avtale med MOT	500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
	4.12	Reduksjon i barnetal barnehage	2 000 000	3 500 000	5 000 000	5 000 000
Sum Oppvekst			14 710 000	22 860 000	24 360 000	24 360 000

Organisasjon:

Mulige kuttområder til økonomiplan 2026 - 2029			Årsvirkning 2026	Årsvirkning 2027	Årsvirkning 2028	Årsvirkning 2029
Organisasjon og utvikling	5.1	Prosjekt software robot (RPA) innan løn og rekneskap	0	500 000	500 000	500 000
	5.2	Redusere kostnad til bedriftshelsetenesta	200 000	200 000	200 000	200 000
	5.3	Redusere ekstra frikjøp av tillitsvaltsressursar	200 000	400 000	400 000	400 000
	5.4	Endre forfallsstruktur kommunale avgifter frå tertialvis betaling til kvartalsvis betaling	0	300 000	300 000	300 000
	5.5	Redusere kostnader til lisenser for digitale sektorovergripande system	500 000	500 000	500 000	500 000
	5.6	Redusere kostnad til Interkommunalt arkiv Hordaland (IKAH)	800 000	800 000	800 000	800 000
	5.7	Redusere kostnader til porto, kopi, mobildata og print	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
	5.8	Redusere årsverk Organisasjon og utvikling	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Sum Organisasjon og utvikling			4 200 000	5 200 000	5 200 000	5 200 000

Politisk:

Mulige kuttområder til økonomiplan 2026 - 2029			Årsvirkning 2026	Årsvirkning 2027	Årsvirkning 2028	Årsvirkning 2029
Politisk	6.1	Tilpasse politisk verksemd til dei økonomiske rammene	500 000	500 000	500 000	500 000
	6.2	Vurdere nivå på forvaltningsrevisjon	700 000	0	0	700 000
	Sum Politisk		1 200 000	500 000	500 000	1 200 000

Samfunnsutvikling:

Mulige kuttområder til økonomiplan 2026 - 2029		Årsvirkning 2026	Årsvirkning 2027	Årsvirkning 2028	Årsvirkning 2029
Samfunns- utvikling	7.1 Effektivisering som følge av nytt FDV-system (forvaltning, drift og vedlikehold)	0	2 000 000	3 000 000	3 000 000
	7.2 Energieffektivisering - som følge av auka investering	500 000	1 000 000	2 000 000	3 000 000
	7.3 Prosjekt omorganisering og modernisering av boligforvaltning	300 000	300 000	600 000	600 000
	7.4 Vurdere administrative leiararkostnader til sjølvkost - justere lønsbudsjett ny kommunalsjef	600 000	600 000	600 000	600 000
	7.5 Redusere bruk av eksterne konsulentar	1 000 000	2 000 000	2 700 000	2 700 000
	7.6 Redusere tilskudd kulturmidlar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
	7.7 Omstilling av bilparken og innføring av ordninger for betre køyring	3 498 000	5 012 000	6 070 000	6 070 000
	7.8 Allokere kostnader knytt til drift av vatn og avlaup til sjølvkostområdet	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
	7.9 Justere prisstruktur på klippekort i Radøyhallen	150 000	150 000	150 000	150 000
	7.10 Redusere lediggang i kommunale omorgsbustader og stoppe vekst i ubetalt husleige	2 100 000	2 100 000	2 100 000	2 100 000
	7.11 Energieffektivisering veglys og slutte med drift og vedlikehold av veglys som er uhensiktsmessige å drifte	200 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000
	7.12 Redusere subsidiering av sjølvkost	3 750 000	3 750 000	3 750 000	3 750 000
	7.13 Omstille dagens næringsteam	975 000	1 950 000	1 950 000	1 950 000
	7.14 Justere tilbød i kulturskolen	500 000	1 050 000	1 050 000	1 050 000
	7.15 Justere bibliotektilbodet	960 000	960 000	960 000	960 000
	7.16 Justere tilbød til Ung Alver	680 000	680 000	680 000	680 000
	7.17 Justere tilbød til idrett og friluftsliv	400 000	400 000	400 000	400 000
	7.18 Justere aktiviteten i frivilligsentralane	100 000	100 000	100 000	100 000
	7.19 Justere aktiviteten i fagstab kultur	50 000	50 000	50 000	50 000
	7.20 Avslutte leigeavtalar	1 400 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000
Sum Samfunnsutvikling		19 363 000	27 502 000	31 560 000	32 560 000
Sum alle kuttområder		61 523 000	112 562 000	130 120 000	131 120 000

Bakgrunn:

I samband med budsjett 2025 vedtok kommunestyret å løyve 400 000 kroner til konsulentutgifter for analyse av sektoren og identifisering av innsparingstiltak. Tidlegare har kommunestyret bede kommunedirektøren kome tilbake med forslag til kutt på minst 150 millionar. Dette byggjer på evalueringa av organisasjonsprosjektet (ferdig februar 2024), og arbeidet med økonomiplan 2025–2028 skal følgjast opp med konkrete tiltak etter levering av prosjektet.

Alver kommune har hausten 2024 vedtatt tiltak innan helse og omsorg for 118 mill kr, innan oppvekst ca. 40 mill kr. og innan organisasjon (administrasjon) ca. 15 mill kr. Til saman i størrelsesorden ca. 180 mill kr.

Kommunestyret har bestilt ein rapport frå PwC med konkrete forslag til tiltak på tenestenivå, som oppfølging av organisasjonsevalueringa. PwC har levert rapportar både for organisasjonsgjennomgang, helse og omsorg, oppvekst og samfunnsutvikling.

For å ha ein kommuneøkonomi som er robust og føreseieleg er det behov for ytterlegare tiltak. Dei ulike tiltak som er presentert i denne saka, er først og fremst ein konkretisering av dei uspesifiserte kutta som ligg i budsjett og økonomiplan for 2025-2028. I tillegg er det behov for ytterlegare tiltak slik at kommunen får handlefridom til å gjere naudsynte investeringar og utvikle kommunen vidare.

I budsjettet for 2025–2028 vart det lagt inn uspesifiserte innsparingstiltak på til saman 66 millionar kroner. Kommunedirektøren har etter budsjettvedtaket arbeidd med å definere desse tiltaka. I tillegg til dei uspesifiserte tiltaka frå 2025-2028, ligg det inne ca 19 mill kr. i såkalla demografimidlar oppvekst. Dette speilar reduksjon i ramma vi får frå staten grunna minkande barnetal. Dette nedtrekket ligg allereie inne i økonomiplanen, og må gjennomførast gjennom timetildelingsmodellen i skulane, og ressurstildeling til barnehagane (private og offentlege).

Kommunestyret har òg fastsett ulike finansielle måltal, mellom anna for gjeldsgrad, fondsreserve og netto driftsresultat. Målet for netto driftsresultat er sett til 3 prosent. For å nå dette krevst eit mindreforbruk på rundt 100 millionar kroner. Dette er høgt, og ligg langt over anbefalingane frå Teknisk berekningsutval, KS og Statsforvaltaren, som tilrår eit nivå på 1,75 prosent.

Alver kommune får årleg om lag 120 millionar kroner i kompensasjon for verk og bruk (Mongstad). Ordninga gjeld fleire kommunar, men gjev Alver ein stor inntektspost. Det er ikkje teikn til at ordninga fell bort, men kommunen må byggje opp ein buffer for å kunne handtere eit eventuelt bortfall. Difor meiner kommunedirektøren det er viktig å auke disposisjonsfondet.

Eit krav om netto driftsresultat på 3 prosent kan likevel vere i overkant. Dersom kommunestyret ønskjer det, kan kommunedirektøren leggje fram ei vurdering og foreslå revisjon av finansreglementet, med nye måltal for kommunen.

Innsparingstiltak:

Kommunedirektøren foreslår innsparingstiltak på alle sektorar, inkludert politisk, regionråd og Alver tomteselskap. Den samla oversikta ser slik ut:

Innsparingstiltak totalt 131 120 000 kroner	Kommunedirektør 41 000 000 kroner	Organisasjon og utvikling 5 200 000 kroner
	På tvers av sektorane 19 500 000 kroner	Politisk 1 200 000 kroner
	Helse og omsorg 7 300 000 kroner	Samfunnsutvikling 32 560 000
	Oppvekst 24 360 000 kroner	

I vedlegg til denne saka har administrasjonen laga eit tiltakskort pr tiltak. Tiltaka er systematisert i dei ulike områda nemnt i oversikta over. For dei tiltaka der administrasjonen meiner det er naudsynt å vurdere eventuelle positive / negative konsekvensar har vi laga eigne enkle konsekvensutgreiar under kvart einskilte tiltak. Desse følgjer med i same vedlegg.

Sektor for Samfunnsutvikling, PWC rapport og kommunedirektøren sine vurderingar av rapporten:

PWC har på oppdrag laga ein oversikt over innsparingspotensiale for delar av sektor Samfunnsutvikling. Desse tiltaka går fram av vedlagte rapport, men hovudarket ser slik ut:

Oversikt over innsparinger ved full effekt av tiltak i kronebeløp*

Totalt estimert innsparing Kr. 29 360 000	Drift og vedlikehold Kr. 7 270 000	Kultur Kr. 11 890 000
	Eiendomsforvaltning Kr. 4 500 000	Arealforvaltning Kr. 3 750 000
	Plan og utvikling Kr. 1 950 000	

PwC | * Avrundet til nærmeste 1000 kroner.

15

I sin rapport har PwC lagt fram ei rekkje av tiltak med tilknytta innsparingspotensiale:

Område / avd	Tiltak	Totalt innsparingspotensiale 2028
Bil	Omstilling av bilparken og innføring av insentivordninger for bedre kjøring	Kr. 6 070 000
Vann og avløp	Allokere kostnader knyttet til drift av vann og avløp til selvkostområdet	Kr. 1 200 000
Bibliotek	Redusere åpningstid og bemanning i bibliotek og ikke investere i bokbuss	Kr. 3 870 000
Kulturskole	Redusere tilbud i kulturskolen	Kr. 3 650 000
Idrett og friluftsliv	Justere prisstruktur på klippekort i Radøyhallen	Kr. 110 000
Frivillighet*	Avvikle frivillighetssentraler	Kr. 730 000

Område / avd	Tiltak	Totalt innsparingspotensiale 2028
BUA*	Avvikle BUA	Kr. 510 000
Ung Alver*	Avvikle ungdomsklubbene	Kr. 3 140 000**
Boligkontor	Redusere lediggang i kommunale omsorgsboliger og stoppe veksten i ubetalt husleie	Kr. 2 630 000
Basseng	Avslutte leieavtale hos Nordhordaland folkehøyskole	Kr. 230 000
Veilys	Energieffektivisere veilys og slutte med drift og vedlikehold av veilys som er uhensiktsmessige å drifte	Kr. 1 510 000
Byggesak og plan og oppmåling	Redusere subsidiering av selvkost	Kr. 3 750 000
Næring	Omstille dagens næringsavdeling	Kr. 1 950 000

PwC presenterte sin rapport i formannskapsmøtet 11. september 2025. Fram mot kommunestyret sitt møte 18. september 2025 har sektor samfunnsutvikling vurdert dei ulike tiltaka som PwC la fram. Det har ikkje vore rom for ei djuptgåande grundig analyse av dei foreslåtte tiltaka. For ein del av dei av tiltaka administrasjonen rår til at ein går vidare med vil det vere naturleg at ein går meir inngåande inn i desse og i større grad enn det har latt seg gjere så langt involverer tillitsvalde og vernetenesta. Vi har så langt lagt relativt liten vekt på gjennomføringa av tiltaka, men meir vurdert om vi opplever innsparingspotensialet som reelt. Dei tiltaka administrasjonen rår til å gå vidare med meiner vi er reelle.

I det påfølgjande vil vi gje ei kort vurdering av kvart av tiltaka PwC har kome med. Avslutningsvis vil vi oppsummere dei tiltaka vi tilrår.

PwC 1: Omstilling av bilparken og innføring av insentivordninger for bedre kjøring

PwC Innsparingspotensiale: kr 6 070 000

Administrasjonen har jobba i fleire år med å få betre styring og kontroll med bilparken til Alver kommune. Som følgje av dette blei felles biladministrasjon oppretta og alle køyretøy blei utstyrt slik at ein hentar inn naudsynte data.

Framlegget viser gevinstpotensialet av dette arbeidet og blir tilrådd å gå vidare med.

PwC 2: Allokere kostnader knyttet til drift av vann og avløp til selvkostområdet

PwC Innsparingspotensiale: kr 1 200 000

PwC peiker i rapporten på at det kan vere kostnadar som kunne ha vore tatt med i sjølvkostrekneskapen som ikkje er det når det gjeld drift av vatn og avlaup. PwC peiker også på at «*For at Alver kommune skal korrekt allokere kostnader på selvkostområdet*

Vann og avløp bør det gjennomføres en grundigere analyse enn den PwC har kunnet gjøre innenfor rammen av dette arbeidet.

For å lykkes med korrekt allokering må det tas en prinsippbeslutning om korrekt allokering av kostnader og investeringer til selvkostområdet VA, og stadfeste at dette ikke omfattes av regler om å unngå internfakturering.»

Administrasjonen tilrår at innsparingspotensialet blir ståande. Dette må også sjåast i lys av dei investeringar som skal gjerast på VA-området i åra som kjem og den venta endringa som er foreslått for stortinget på auka nedskrivingstid på VA-anlegg (frå 40 til 80 år).

PwC 3: Redusere åpningstider og bemanning i bibliotek og ikkje investere i bokbuss

PwC Innsparingspotensiale: kr 3 870 000

Administrasjonen vurderer saka annerleis enn PwC og meiner at innsparingspotensialet er monaleg lågare. Administrasjonen sine eigne berekningar viser eit innsparingspotensiale på kr 1 050 000. Dette er nærare utdjupa i eiga tiltakskort, administrasjonen legg i sitt alternativ til grunn at vi ikkje investerer i ny bokbuss og at bibliotektilbodet på Lindås blir avvikla. Øvrige tiltak foreslått i PwC sin rapport blir oppretthalde.

Administrasjonen tilrår såleis at vi berre delvis følgjer PwC si tilråding.

PwC 4: Redusere tilbod i kulturskulen

PwC Innsparingspotensiale: kr 3 650 000

PwC peiker i sin rapport på eit innsparingspotensiale på 5,41 årsverk og ein totalsum på kr 3 650 000. Administrasjonen meiner at dette er for høgt og ikkje tek inn over seg den plassen kulturskulen har i Alver-samfunnet.

Gjennom arbeidet med rapporten har administrasjonen funne kostnadsreducerande tiltak i kulturskulen på kr 1 050 000 gjennom å ta vekk vakante stillingar og andre mindre justeringar. Dette vil ikkje råke elevane i kulturskulen i like stor grad som forslaget frå PwC. Sjå meir i eiga tiltakskort vedlagt.

Administrasjonen tilrår såleis at vi ikkje følgjer PwC si tilråding, men gjer andre grep.

PwC 5: Justere prisstrukturen på klippekort i Radøyhallen

PwC Innsparingspotensiale: kr 110 000

PwC peiker på at Alver kommune har høge rabattar på klippekort i Radøyhallen samanlikna med andre offentlege bad. Administrasjonen deler denne vurderinga og tilrår at vi går vidare med dette tiltaket.

PwC 6: Avvikle frivilligsentralane

PwC Innsparingspotensiale: kr 730 000

PwC har i rapporten trekt fram ikkje-lovpålagte tenester som Alver kommune leverer i dag. Den første av desse tenestane er frivilligsentralane. PwC meiner det er eit innsparingspotensiale på 730 000 kroner om vi legg ned frivilligsentralane.

Administrasjonen vurderer at nytta av frivilligsentralane er større enn det innsparingspotensialet PwC peiker på. Samstundes ser vi at det kan vere noko å hente på drifta av sentralane. Administrasjonen sitt anslag er at dette utgjer kr 100 000 i året.

Administrasjonen tilrår såleis at vi ikkje følgjer tilrådinga frå PwC, men at vi gjer mindre justeringar i tilbodet i frivilligsentralane.

PwC 7: Avvikle BUA

Pwc Innsparingspotensiale: kr 510 000

Drift av dei fire utstyrsentralane (BUA-sentralane) er det andre av dei ikkje-lovpålagte tenestene PwC peiker på i sin rapport. Som PwC vidare peikar på i rapporten kan alle desse tre tilboda ha betydeleg verdi for lokalsamfunnet gjennom å bidra til førebygging av utanforskap, styrking av folkehelse og gjennom å skape viktige møteplassar som fremjar sosial inkludering og trivsel.

I administrasjonen si vurdering av forslaget om å avvikle BUA har særleg dei to første punkta i PwC si vurdering vore sentrale. Tilbodet om å kunne låne utstyr gratis er eit viktig tilbod særleg for å førebygga utanforskap og folkehelse.

Administrasjonen tilrår difor ikkje å følgje PwC sitt forslag om å avvikle BUA.

PwC 8: Avvikle Ungdomsklubbane

Pwc Innsparingspotensiale: kr 3 140 000

I sin rapport har PwC peika på potensiale for innsparingar når det gjeld ungdomstilbodet i Alver kommune. Slik administrasjonen les rapporten har dei maksimert innsparingspotensialet innan ikkje-lovpålagte tenester ved rekne på kor mykje kommunen kan spare på å legge ned alle ungdomsklubbar.

Administrasjonen vurderer at dette ikkje er eit godt alternativ, men ser at det kan gjerast justeringar i tilbodet samstundes som det i hovudsak oppretthaldast.

Administrasjonen tilrår difor ikkje å følgje PwC sitt forslag, men foreslår å justere tilbodet som skildra i eiga tiltakskort. Dette vil gje årlege reduserte kostnader på 680 000 kroner.

PwC 9: Redusere lediggang i kommunale omsorgsbustadar og stoppe veksten i ubetalt husleige

Pwc Innsparingspotensiale: kr 2 630 000

I rapporten har PwC analysert seg fram til at det er eit samla potensiale for å auke inntektene på 2 630 000 kroner ved å sjå på moglegheiten for å inngå leigeavtaler kor leigetakar byrjer å betale leige tidlegare enn dei i nokre tilfeller gjer i dag. Det har også

vore ein vekst i ubetalt husleige. Klarer ein å stoppe denne meiner PwC at det er eit potensiale på kr 160 000 årleg.

Administrasjonen opplever at potensialet ikkje er så stort som PwC har vurdert og at det reelle samla talet er i størrelsesorden 2,1 mill. Mellomanna kan det vere at ein i realiteten flyttar belastninga frå eigedomsforvaltning til NAV. Administrasjonen meiner at det er verdt å gjere ein nærare vurdering av desse forholda og tilrår difor at vi går vidare med tiltaket, sjå difor eiga tiltakskort vedlagt.

PwC 10: Avslutte leigeavtale hos Nordhordland folkehøgskule

Pwc Innsparingspotensiale: kr 230 000

PwC peiker på at kommunen har potensiale for å utnytte kapasiteten i eigne svømmebasseng i enno større grad enn det som blir gjort i dag. Som ein konsekvens av dette forslår dei at kommunen kan avslutte leigeavtalen vi har om å bruke bassenget ved Nordhordland folkehøgskule. Som PwC peiker på i rapporten har dei ikkje vurdert dette opp mot auka transporttid og kostnader.

Slik administrasjonen vurderer det vil dei auka kostnadane truleg «nulle ut» innsparinga.

Administrasjonen rår difor ikkje til å gå vidare med tiltaket.

PwC 11: Energieffektivisere veglys og slutte med drift og vedlikehald av veglys som er uhensiktsmessige å drifte.

Pwc Innsparingspotensiale: kr 1 510 000

Alver kommune overtek uansett ansvaret for veglysa på alle kommunale vegar. I den samanheng må dagens veglys skiftast ut med led-lys. Dette vil gje store besparelsar på drift.

Det blir i den samanheng vist til PS-sak 115/2025, PS-sak 116/2025 og PS-sak 117/2025 som er til sakshandsaming i kommunestyret sitt møte 18. september 2025.

Administrasjonen rår i det store og heile at PwC sitt tiltak blir følgd opp vidare.

PwC 12: Redusere subsidiering av sjølvkost

Pwc Innsparingspotensiale: 3 750 000

PwC si analyse tyder på at kommunebudsjettet dei siste åra har subsidiert sjølvkostområdet innan oppmåling, planforvaltning, seksjonering og byggesak med til saman nesten 18,7 millionar kroner over dei fem siste åra. PwC meiner det er eit årleg innsparingspotensiale på kr 3 750 000 ved å belaste sjølvkost for dei faktiske kostnadane.

Kommunestyret har vedtatt at desse sjølvkostområda skal ha eit gebyrnivå for å dekke tenestene 100 %. I åra frå 2020 og fram til i dag er gebyrsatsane forsøkt satt til eit nivå med dette som utgangspunkt. Det er likevel krevjande og nokon usikkerheits moment knytt til sjølvkost. Til forskjell frå sjølvkostområde for til dømes vatn- og avløp der ein

veit omfanget av abonnentar som er tilkople kommunalt vatn og avløp, så er ikkje tal søknadar frå år til år sikre og føreseieleg og vi er heilt avhengig av det som skjer ute i marknaden.

Det er fleire faktorar som påverkar inntektene og graden av sjølvkost frå år til år. Dei viktigaste faktorane er aktiviteten i marknaden, altså søknadar inn til kommunen, og at kommunen har nok ressursar til å gjennomføre tenestene. Nedgang i aktivitet i form av innkomne søknadar/planar vil ha direkte konsekvens i forhold til inntektsnivået vårt.

For sjølvkostområde byggesak er tal årsverk med verknad frå juni 2025 redusert med 2 årsverk.

For dei andre sjølvkostområda vert det i framlegg til gebyr for 2026 ei auke i gebyr med ein prosentvis sats for å nå målet om 100 % sjølvkostdekning, som tidlegare år. På alle område vil vi ved vakanse eller naturleg avgang vurdere om det er trong for ny tilsetting. Basert på dette er det noko usikkert om ein får full effekt av innsparingspotensialet for 2026.

Administrasjonen tilrår at vi ser vidare på dette tiltaket.

PwC 13: Omstille dagens næringsteam

Pwc Innsparingspotensiale: kr 1 950 000

PwC peikar i si analyse at dagens næringsteam i Alver kommune framstår som ei samling av ulike oppgåver, som ikkje svarer for kommunen sine behov for framtidig næringsutvikling. Dei tilrår at kommunen omstiller dagens næringsarbeid og organiserer det meir strategisk, i tråd med dei ambisjonane kommunen har for samfunnsutviklinga. Dei tilrår i tillegg å ta ned to årsverk i næringsteamet.

Administrasjonen rår til at ein går vidare med tilrådinga frå PwC. Det blir vist til eiga konsekvensvurdering/tiltakskort vedlagt saka.

Kommunedirektøren sin vurdering av tiltak i sektor Samfunnsutvikling:

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at vi kan gå vidare med alle tiltaka som PwC foreslår i sin rapport. Vurdering av kvart av tiltaka er gjort tidlegare i dette saksframlegget. Men det totale innsparingskravet til sektoren ligg fast.

Kommunedirektøren vil difor leggja fram følgjande tiltaksliste innan sektor for samfunnsutvikling:

Mulige kuttområder til økonomiplan 2026 - 2029		Årsvirkning 2026	Årsvirkning 2027	Årsvirkning 2028	Årsvirkning 2029
Samfunns- utvikling	7.1 Effektivisering som følge av nytt FDV-system (forvaltning, drift og vedlikehold)	0	2 000 000	3 000 000	3 000 000
	7.2 Energieffektivisering - som følge av auka investering	500 000	1 000 000	2 000 000	3 000 000
	7.3 Prosjekt omorganisering og modernisering av boligforvaltning	300 000	300 000	600 000	600 000
	7.4 Vurdere administrative leiar kostnader til sjølvkost - justere lønsbudsjett ny kommunalsjef	600 000	600 000	600 000	600 000
	7.5 Redusere bruk av eksterne konsulentar	1 000 000	2 000 000	2 700 000	2 700 000
	7.6 Redusere tilskudd kulturmidlar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
	7.7 Omstilling av bilparken og innføring av ordninger for betre køyring	3 498 000	5 012 000	6 070 000	6 070 000
	7.8 Allokere kostnader knytt til drift av vatn og avlaup til sjølvkostområdet	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
	7.9 Justere prisstruktur på klippekort i Radøyhallen	150 000	150 000	150 000	150 000
	7.10 Redusere lediggang i kommunale omorgsbustader og stoppe vekst i ubetalt husleige	2 100 000	2 100 000	2 100 000	2 100 000
	7.11 Energieffektivisering veglys og slutte med drift og vedlikehold av veglys som er uhensiktsmessige å drifte	200 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000
	7.12 Redusere subsidiering av sjølvkost	3 750 000	3 750 000	3 750 000	3 750 000
	7.13 Omstille dagens næringsteam	975 000	1 950 000	1 950 000	1 950 000
	7.14 Justere tilbod i kulturskolen	500 000	1 050 000	1 050 000	1 050 000
	7.15 Justere bibliotektilbodet	960 000	960 000	960 000	960 000
	7.16 Justere tilbodet til Ung Alver	680 000	680 000	680 000	680 000
	7.17 Justere tilbodet til idrett og friluftsliv	400 000	400 000	400 000	400 000
	7.18 Justere aktiviteten i frivilligsentralane	100 000	100 000	100 000	100 000
	7.19 Justere aktiviteten i fagstab kultur	50 000	50 000	50 000	50 000
	7.20 Avslutte leigeavtalar	1 400 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000
Sum Samfunnsutvikling		19 363 000	27 502 000	31 560 000	32 560 000
Sum alle kuttområder		61 523 000	112 562 000	130 120 000	131 120 000

Tiltakslista byggjer dels på forslaga frå PwC, variantar av dei foreslåtte tiltaka og heilt nye tiltak.

Det er utarbeidd tiltakskort og/eller konsekvensutgreiing for dei tiltaka som er foreslått. Desse følgjer vedlagt saka.

Oppsummering / Konklusjon

Kommunestyret har i løpet av 2024 og i budsjettprosessen for 2025–2028 vedteke innsparingstiltak på om lag 180 millionar kroner. Det meste er allereie gjennomført, og sektorane leverer gode resultat.

Helse og omsorg har i 2025 redusert drifta med 75 årsverk og 78 millionar. Frå 01.12.2025 iverkset ein fase 2 og reduserer ytterlegare med om lag 25 årsverk med heilårseffekt i 2026 på 33 millionar, samt 7 millionar i 2027.

Oppvekst har store reduksjonar i økonomiplanen som følgje av færre barn, i tillegg til tiltaka som vert lagt fram i denne saka. Vi veit at det blir krevjande å omfordele ressursar frå oppvekst til helse og omsorg dei neste åra. Desse utfordringane kjem i tillegg til det som er omtalt i saka. Tiltaka vi no legg fram vil likevel gjere kommunen betre rusta til å møte kommande endringar i demografi og folketal.

Kommunedirektøren vurderer tiltaka i saka som forsvarlege. Dei er omfattande og krev systematisk oppfølging for å kunne gjennomførast. Nokre tiltak har usikker effekt, til dømes målet om 10 prosent reduksjon i sjukefråværet, gevinster frå bruk av kunstig intelligens og frå energieffektivisering. Likevel meiner kommunedirektøren at dette arbeidet er avgjerande, og innsatsen vil bli intensivert framover.

Demografiutviklinga gir kommunen store utfordringar. I løpet av dei neste fire åra vil det bli om lag 400 færre barn, samstundes som talet på eldre over 80 år aukar med meir enn 400. Dette krev omfattande omfordelingar mellom oppvekst og helse og omsorg.

Innan oppvekst må kommunen halde både lærarnorm og pedagognorm i barnehagane. Dette avgrensar kor langt ein kan gå i reduksjonar. Kommunedirektøren vil følgje utviklinga nøye gjennom økonomiplanperioden og leggje fram nye vurderingar dersom normene vert endra nasjonalt. Samstundes opplever PPT, barnevern og helsestasjon- og jordmortenesta ei auke i både saker, behov for støtteressursar og rettleiing. Det er meldt om store behov for trygge, tilgjengelege vaksne i barnehage, skule og fritid. Sjølv om barnetalet går vesentleg ned, blir det viktig å skjerme desse tenestene mot ytterlegare press.

Innan helse og omsorg er det lagt inn ein auke på 20 millionar kroner årleg i demografimidlar. Dette er naudsynt på grunn av den sterke veksten i talet på eldre over 80 år. Likevel er behovet større også for andre målgrupper, og sektoren vil møte betydelege kostnader i åra som kjem.

I tillegg til kommunedelplan for helse, sosial og omsorg, arbeider kommunen no med ein bustadplan. Bustadplanen vil mellom anna omhandle strukturgrep med omsyn til tilstrekkeleg kapasitet på ulike buformer, geografisk plassering i kombinasjon med framtidig kompetansebehov.

Tilråding:

For at Alver kommune ikkje skal måtte bruke all energi kvart år dei komande åra på nye kutt, avgrensa midlar til utvikling og redusert investeringskraft, meiner kommunedirektøren at det er naudsynt å setje inn tilstrekkelege nye tiltak denne hausten.

Mange av tiltaka har usikker økonomisk effekt. Difor er det viktig å ha ein buffer som ligg noko over måltala. I denne saka er det foreslått tiltak tilsvarende 131 millionar kroner.

Administrasjonen legg opp til å bruke fire år på å gjennomføre tiltaka. Når denne perioden er over, meiner vi at kommunen igjen vil ha handlefridom og kunne legge betre til rette for vidare utvikling av Alver.

Vedlegg

- 1 Kartlegging og analyse for sektor Samfunnsutvikling - Alver kommune - endeleg rapport
- 2 Kommunedirektøren sine forslag inkl ROS_18-09-25